

Fiskeridirektoratet
Utviklingsseksjonen
Postboks 185

5804 BERGEN

Bekkjarvik, 10.02.2016

Svar på høyring av regulering av fisket etter leppefisk 2016:

Visar til Fiskeridirektoratet sitt brev av 29.01.2016 «høyring av regulering av fisket etter leppefisk i 2016» referanse 16/1262. Fiskeridirektøren ber om innspel på bruk av redskapsavgrensing i kombinasjon med totalkvote i reguleringa av fisket etter leppefisk i 2016. Nedafor kjem Lerøy Sjøtroll sitt svar på høyringa.

1. Innleiing

Havbruksnæringa brukar leppefisk til å reinsa laks og aure for lus, for dermed å redusera bruken av kjemisk behandling. Det er viktig at denne fisken har rett storleik, kjem til rett tidspunkt og er av god kvalitet. Det har skjedd store framskridt på dette området dei siste åra der me kan nemna store skjul for leppefisken i merdane, som vert vasket og reinsa med jamne mellomrom, her vert også brukt tilleggsfôr til reinsefisken for at den skal vera av god og robust. Den villfanga leppefisken er mest aktiv etter gytingen om sommaren fram til temperaturen fell om hausten, da tilfører me ein større del med eigenprodusert rognkjeks. Skal me fortsatt ha denne muligheita i framtida og samtidig utvikla bruken av reinsefisk slik at me vert enda betre på effekten av leppefisken, må næringa ha tilgang til villfanga leppefisk i framtida. Det er derfor viktig for havbruksnæringa at fisket er bærekraftig.

2. Fangst av leppefisk

Her viser ein tre tabellar:

-Tabell 1: «Norske fiskeres fangst av leppefisk fordelt på art (i tonn) i perioden 2008 – 2015.» Her viser ein fisket på dei ulike artane i perioden og at her ein auke i fisket frå 47 tonn i 2008 – 850 tonn i 2015

-Tabell 2: «Norske fiskeres fangst av leppefisk fordelt på art (i antall) i perioden 2013 – 2015.» Her viser ein fisket på dei ulike artane i perioden og at her ein auke i fisket frå 15,48 mill. individ i 2013 og ein topp på 21,27 mill. individ i 2014

-Tabell 3: «Norske fiskeres fangst av leppefisk (i antall) fordelt på fangstområde i perioden 2013 – 2015.» Her har ein delt inn fangstområda –Nord for 62° N, - Vestlandet, - Skagerrak. Her visar ein at Nord for 62° N vart det fangsta 5,58 mill. individ som den største fangsten i 2014, Vestlandet 12,59 mill. individ i 2015 og Skagerrak med ein topp på 4,35 mill. individ 2014.

Her reknar me med at Havforskinga sit med den kunnskapen som ein treng for å kunna sei kva uttak av villfanga leppefisk som er berekraftig, det som er viktig for næringa er å få tilgang på nok leppefisk utan at dette fører til ein bestandsreduksjon. Det er antal individ som her er viktig for næringa, for det er prosent innblanding i merdane våre opp mot gjennomsnittleg lusetal, som fortel om me får effekt av leppefisken.

3. Regulering av fisket etter leppefisk i 2016

Her anbefalar Havforskningsinstituttet at det straks vert etablert ein god metode for å justere fiskeinnsatsen i forhold til bestandssituasjonen. Her nemnes tiltak som allereie er satt i verk i 2015:

- Fredningsperiode
- Fluktåpninger (seleksjonsinnretninger)
- Redskapsavgrensinger (Sørlandet)
- Minstemål

I dette høyringsnotatet foreslår ein at dei nemnde hovudelementa vert vidareført i 2016.

3.1 Fredningsperiode / Opningstidspunkt

Det er viktig å få tilgang på leppefisk av god kvalitet, som er effektiv og spis lus. Over tid har det vist seg at leppefisken er mest effektiv mot lusa etter at den har gytt og me er einig i at ein treng ta omsyn til gytetidspunkt når ein fastset oppstart av fisket.

3.2 Minstemål

Fiskeridirektoratet føreslår å vidareføre reguleringa frå 2015 med generelt minstemål på 11 cm med unntak av Grøngylt på 12 cm og Berggylt på 14cm. Det

som er viktig med minstemåla er at den leppefisker ein fangstar har hatt mulighet til å reprodusera seg før den vert fiska, og her reknar me med Havforskningsinstituttet (HI) sit på denne kompetansen. Meiner HI at ein tek ut for mykje leppefisk på Vestlandet kan eit av tiltaka vera at ein kan auka minstemål på leppefisk, for å sikra at den små leppefisker vert spart.

3.3 Røktng

Fiskeridirektøren føreslår å oppretthalda reguleringa frå 2015 med krav om dagleg røktng, med unntak for søn- og heilag dagar.

Her vil me føreslå at ein stryk med unntak for søn- og heilag dagar, for det er svært viktig at fangstreiskapane vert røkta kvar dag når dei er i bruk.

3.4 Seleksjonsinnretninger

Det er viktig med seleksjonsinnretninger som sikrar at leppefisker som vert fanga er over minstemål, dette fordi ein må sikra eit berekraftig fiske etter leppefisk.

3.5 Reiskapsmengde og kvoter

Det som er viktig å merka seg er at det er havbruksnæringa som treng leppefisker til å beite lakselus, for å redusere behovet for bruk av kjemisk lusebehandling. Me meiner derfor at ein må bort frå kvoter på fisket og avgrensing på fangstreiskap pr. båt eller person.

Lerøy Sjøtroll føreslår at kvart havbruksselskap får løyve til å kjøpa eit fastsatt antal leppefisk kvart år ut frå kor mange MTB løyver selskapa disponerer.

Fiskeridirektoratet kan fastsetja ein total kvote pr. år ut frå kva dei meiner er bærekraftig fiske av leppefisk, og ut frå denne totalen kan havbruksselskapa kjøpe eit gitt antal leppefisk pr. konsesjons-MTB. Fordelen med ei slik løysing er at:

- Havbruksselskapet kan kjøpe leppefisker når dei har behov for den, det er viktig at ein kan fordela leppefisker der ein har den største leppefisker til den store fisker i merdane og at ein sikrar seg liten leppefisk om hausten når ein set haustfisker i sjø. Ein må for all del unngå at alle fiskarane har levert sin kvote før haustfisker går i sjøen
- Havbruksselskapet kan kjøpe leppefisk av den storleik dei har behov for
- Havbruksselskapa kan nytta dei leppefiskarane som leverar best kvalitet, me må unngå at ein ikkje kan få tak i leppefisk av god kvalitet, fordi ein fiskar har oppnådd kvoten sin.
- Fordel med ei slik løysing er at det da vert fokus på kvalitet og overleving av leppefisker

- Det er stabilitet i leveringane av leppefisk, overleving og kvaliteten på leppefisken som er avgjerande for at havbruksselskapa har nytte av leppefisken som vert fangsta. Det er derfor viktig at det er næringa sjølv som bestemmer når ein skal ta imot leppefisk, av kva storleik denne er, av kva antal som vert levert og god kvalitet. Dette vert best ivaretatt viss havbruksselskapa får løyve til å kjøpe eit gitt antal villfanga leppefisk pr. konsesjons-MTB.

Ein må bort frå konsesjon pr. båt eller fiskar som regulering av leppefisket og ein bør ikkje innføra avgrensing på fangstredskap, årsaken til dette er:

- Det ver fiskaren som da bestemmer når han skal fiske for det er han som sit på ein konsesjon
- Det er antal leppefisk som er fokus når fiskarane skal fiske kvotane, ikkje når ein skal levera leppefisken eller kvaliteten
- Ei slik løysing kan føra til at det ikkje er tilgjengeleg leppefisk når haustfisken skal setjast i sjø, da fiskarane kan ha fiska kvoten sin i løpet av sommaren
- Har ein satt ein total kvote på fangst av leppefisk, så er det denne kvoten som avgjer når fisket er slutt, og da er det unødvendig å avgrensa dette ytterlegare med antal fangstfeller.

Lerøy Sjøtroll meina at dei nemnde punkta over er viktig for å få på plass eit langsiktig bærekraftig fiske etter leppefisk, slik at ein fortsatt har villfanga leppefisk som eit av verktya mot lakselus i lang tid framover.

Med venleg helsing
for Lerøy Vest og Sjøtroll Havbruk



Nils Arve Eidsheim
Samfunnskontakt Lerøy Vest og Sjøtroll Havbruk